



Arkivnr: 2016/6677-87

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.02.2017

Klager på avslag i ordninga Tilskot til større kulturprosjekt med regional verdi haust 2016

Samandrag

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) vedtok 06.12.16, sak 168/16, tildelingar for stønadsordninga Tilskot til større kulturtiltak med regional verdi.

Det er kome inn to klager på vedtaket; frå Bergen Internasjonale kultursenter - fire søknader og Norske Kunsthåndverkere Vestlandet ang utstillingsprosjektet Multiply. Søkjarane fekk avslag på søknadane sine.

Klagene er førebudde av Kultur- og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova §33.2.ledd. Dersom KIRU opprettheld avslaget vil saka vidaresendast til den fylkeskommunale klagenemnda som er klageinstans.

Det låg føre 40 søknader til ordninga *Tilskot til større kulturtiltak med regional verdi* ved søknadsfristen 1. september 2016, med samla søknadssum på over 4 millionar kroner. Det var 407 000 kroner til fordeling. Dette resulterte i ein svært streng utveljing av dei søknadane som skulle få støtte, slik det er omtalt i saksframlegget:

Ein har her i ordninga Større kulturprosjekt med regional verdi hatt ei svært streng prioriterting og dei som er tilrådd støtte har i høg grad oppfylt punkta over. Fylkesrådmannen har vald ut 7 søknadar som er særskilde og har klare prosjekttankar som skil seg klart frå dagleg drift, som skjer meir sjeldan enn årleg, er tydeleg føregangsprosjekt med klar verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket. Ein har også vald prosjekt med direkte utadretta karakter, for eit breitt publikum / målgruppe.

Det er mange søkerar og dette viser eit stort aktivitetsnivå og stort behov for midlar. Det ulikt kor relevante søkerane er for ordninga og kor klart dei oppfyller kravet om regional verdi. I denne ordninga setter ein høgare krav på fleire felt enn ein gjer i t.d. Kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell og Kulturtiltak amatør då ein løyver høgare summar til den enkelte.

Tilskotsordninga er ikkje av ein slik karakter at søkerar som oppfyller kriteria har noko rettskrav på å få tildelt tilskot. Utval for kultur, idrett og regional utvikling står i stor grad fritt i sine vurderingar av om det skal ytast tilskot, til kven og i så fall kor mykje. Det gjeld visse minstekrav til saklegheit, likehandsaming og rimelegheit i skjønnsutøvinga.

Fylkesrådmannen ser grunnlaget for avslaga som tilstrekkeleg grunngjevne, med omtale og generell grunngjeving av prioriteringar i saksframlegg i tillegg til individuell kommentar. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det gjennom klagane har kome fram noko som gjer grunnlag for å gjere om på det opprinnelege vedtaket.

Forslag til vedtak

1. Avslaget på søknad fra Norske kunsthåndverkere Vest-Norge vert oppretthaldt
2. Avslaga på søknadane fra Bergen internasjonale kultursenter vert oppretthaldt

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Det ligg føre to klager på vedtak, dvs. avslag, i sak sak 168/16, tildelingar for stønadsordninga, vedteke i KIRU 06.12.16

Ingen av klagene inneheld klage på formalia ved sakshandsaminga. Breva innheld i hovudsak ei utgreiing av viktigheita i dei tiltaka dei søker om støtte til, og konkrete kommentarar til den individuelle grunngjevinga dei har fått for avslaget.

Det låg 40 søknader føre til ordninga *Tilskot til større kulturtiltak med regional verdi* ved søknadsfristen 1. september 2016, med samla søknadssum på over 4 millionar kroner. Det var 407 000 til fordeling etter haustfristen. Denne situasjonen ligg i botn for at det var ei særstrent vurdering av søkerane ved denne søknadsrunda. Dette vart - i tillegg til omtale i det politiske saksframlegget, også opplyst spesifikt i tilsegnsbrevet den enkelte søker fekk. Vidare i desse tilsegnsbreva (sendt 22.12): «Det kom inn mange gode søknader og med svært avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere strengt. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.»

Som det vart omtalt nærmare i saksframlegg:

Søknadane dekker breitt innan heile kultur og idrettsfeltet. Det er i handsaminga søkt å få ei spreiling i geografi, fagfelt og sjangrar, med ei kvalitetsvurdering i botn.

Det har vore lagt vekt på følgjande omsyn i vurderingsprosessen (i uprioritert rekkefølge):

- I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.*
- I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.*
- I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.*
- I kva grad er tiltaket nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt.*
- Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.*
- Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.*
- Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.*
- Fordeling av midlane i høve geografi og sjanger.*

Tilskotsordninga er ikkje av ein slik karakter at søkerar som oppfyller kriteria har noko rettskrav på å få tildelt tilskot. I *Tilskot til større kulturtiltak* og fleire andre søknadsordningar er det mange relevante søknader og ikkje midlar til å gje tilskot til alle ein vurderer som gode prosjekt som oppfyller kriteria. Utval for kultur, idrett og regional utvikling står i stor grad fritt i sine vurderingar av om det skal ytast tilskot, til kven og i så fall kor mykje. Det gjeld visse minstekrav til saklegheit, likehandsaming og rimelegheit i skjønnutsøvinga. Fylkesrådmannen ser det som om at desse krava er oppfylt, og det klagast heller ikkje på handsaming av eigen søknad opp i mot nokon av dei andre søkerane i same ordning.

Det vert gitt ei kort individuell grunngjeving i vedlegget til saksframlegget – i tillegg til den generelle som finst i sjølvé saksframlegget. Denne individuelle kommentaren må vere kort, og det er ikkje mogleg at den kommentaren skal vere fyldestgjerande og gje fullstendig forklaring på avslag eller innvilging. Denne individuelle kommentaren må lesast i samanheng med generelle vurderingar slik ein finn dei i saksframlegget. I tilsegnsbrevet sto den individuelle grunngjevinga sitert med følgjande kommentar: «Denne individuelle grunngjevinga er sitert frå vedlegget til den politiske saka. I vedlegget er kvar søknad presentert kort med fylkesrådmannen sine innstillingar. Det er viktig å ikkje ta kvar enkeltkommentar som ei fyldestgjerande forklaring/grunngjeving for tilsegn eller avslag, men som moment i ei heilsakapleg vurdering opp i mot retningslinene, intensjonen bak ordninga og samla søknadsbunke. For oversikt over tildeling sjå politisk vedtak, saksframlegg og vedlegg.»

Dette er bakgrunnen for at fylkesrådmannen ikkje ser grunn til at nokon av dei innkomne klagane skal få medhald. Det vil likevel verte gått noko nærmare inn på dei ulike klagene individuelt.

Klaga frå Norske Kunsthåndverkere

Norske Kunsthåndverkere omtalte sitt omsøkte prosjekt slik i søknaden:

NK Vest-Norge er arrangør for NK Temautstilling 2017 – MULTIPLY. Tematikken i utstillingen er; MITT HJEM. Utstillingen skal vise helt nye arbeider i kryssningsfeltet kunsthåndverk/design, fra 14 kunstnere i Norge, der flere av kunstnerne er bosatte i Bergen. Det er et krav at verkene lar seg

mangfoldiggjøre og at de passer for private hjem. Prosjektet skal stimulere kunsthåndverkere og designere som arbeider med forskning og utvikling innen sine fagfelt til å mangfoldiggjøre sine arbeider. Det har vært stor interesse for å delta i MULTIPLY. Det kom inn 47 søknader fra hele landet og 10 av disse går videre, sammen med 4 direkte inviterte kunstnere. MULTIPLY vises i KRAFT, Bergen i perioden 18.08. -17.09. 2017.03.01

Det vart søkt om eit tilskot på 150 000 kroner. Om det skulle ha vore løyvd midlar til dette prosjektet, måtte fylkesrådmannen tilrå / utvalet vedta – i følgje vedtekne retningslinjer - ei støtte på minimum 50 000 kroner.

Sentralt i begge dei framlagte klagesakene er den individuelle grunngjevinga som er knytt til avslaget. Når det gjeld Norske kunsthåndverkere sitt omsøkte prosjekt vart det individuelt grunngjeve slik: «Ein ser ikkje å kunne prioritere tilstrekkeleg sum til dette utstillingsprosjektet her. Fylkesrådmannen har også tilrådd støtte til KRAFT på budsjett 2017, som er staden dette skal gå føre seg på. Ein ser det som viktigast for HFK å støtte infrastruktur».

Frå klaga frå NK/Multiply:

Det er veldig viktig med støtten til KRAFT, men vi mener at det blir feil at støtten til KRAFT skal påvirke søknaden om tilskudd til utstillingen MULTIPLY. KRAFT er i dette tilfelle kun vert for utstillingen i Bergen. MULTIPLY-mitt hjem, er mer enn en utstilling. Hovedsatsningen med prosjektet er å stimulere kunsthåndverkere og designere til produksjon av egen forskning og utvikling i materialer, der utstillingene i Hordaland og Rogaland viser resultatet av en bevisst satsning på å sette ting i produksjon på eget verksted, alternativt sammen med produsent. Signalene fra regjeringen er at det skal satses på kunst- og kulturnæringer og spesielt stimulere til næringssutvikling innen det visuelle kunstfeltet. Dette burde så absolutt være en prioritert satsing i Hordaland fylkeskommune. Over halvdelen av deltakerne er fra Hordaland og vi i NKVN ber om at Hordaland fylkeskommune ser på vår søknad på ny og ser på prosjektet som en satsning for å bedre levekårene for kunstnere og designere i Hordaland fylkeskommune som vil komme regionen til gode.

Dette er eit utstillingsprosjekt som fylkesrådmannen ser positivt på, og som var vurdert som aktuelt for støtte, men vart i ein svært hard konkurranse ikkje ein av dei få som vart prioritert for tilskot i haust. Den individuelle grunngjevinga er – som det er opplyst om – ikkje ei fyldestgjerande grunngjeving i seg sjølv, og fortolkinga av denne separat gir ikkje grunnlag for avgjersle om klage vert innfridd eller ikkje. Fylkesrådmannen finn ikkje grunnlag for at søknaden har vore kommentert eller handsama feil i handsaminga i haust. Det vert difor tilrådd å oppretthalde det opprinnelege vedtaket.

Prosjektet har søkt i same ordning ved ny søknadsfrist no 1.mars, og fylkesrådmannen vil legge fram den nye søknaden for handsaming i KIRU sitt aprilmøte.

Klaga frå Bergen Internasjonale kultursenter(BIKS)

BIKS sendte fire søknader innan søknadsfrist i haust, alle til tilskotsordninga *Tilskot til større kulturtiltak*.

Søknadane gjaldt støtte til følgjande tiltak i regi av kultursenteret:

- BarneBIKS
- Åpent Hus for ungdom/Hangout
- Klubb Kavalér
- Bergen Internasjonale Musikkfestival

Alle søknadane frå BIKS fekk avslag. Dei tre første med grunngjeving: «BIKS får i hovudsak si driftsstøtte frå Bergen komm. Dette er eit fast tiltak gjennom fleire år - og ikkje av ein slik særskild art og regional verdi at det vert prioritert i denne ordninga.» Den siste søknaden som omhandla musikkfestival fekk denne individuelle kommentaren: «Festivalen har tidlegare år fått noko prosjektilskot frå HFK. Ein finn i denne søknadsrunda og –ordninga ikkje å kunne prioritere tilstrekkeleg sum til denne festivalen. Ein avventer også nye retningslinjer for HFK si støtte til festivalar.»

Dei tre første søknadane vart ikkje vurdert som relevante i denne ordninga. Det var ein tendens at fleire av søknadane i søknadsrunda vart sett som å evt passe betre i andre ordningar. Slik vart dette omtala i saksframleggjet: «Ein ser (av søknadsbunka) at omgrepet «større» og «tydeleg regional verdi» kan vere vanskeleg for søkerar å forholde seg til. (...) Men ein ser at fleire av søkerane ville vore meir relevante i

andre søknadsordningar, spesielt i Kunstprosjekt og kulturtiltak profesjonell. Nokon har søkt om same prosjekt i begge desse ordningane. Ein kan ikkje flytte på enkelte søknader når fristen er ute og handsaminga er i gang, men det vert opplyst i fylkesrådmannen sin kommentar, som ei oppmoding om å evt søkje anna ordning ved neste frist.»

Når det gjeld søknaden om støtte til festival var dette eit tiltak som kunne ha vore aktuelt å gje støtte gjennom ordninga *Tilskot til større kulturtiltak med regional verdi*, men vart i ein svært hard konkurranse ikkje ein av dei få som vart prioritert for tilskot i haust. Det vart søkt om eit tilskot på 100 000 kroner. Om det skulle ha vore løyvd midlar til dette prosjektet, måtte fylkesrådmannen tilrå / utvalet vedta – i følgje vedtekne retningsliner - ei støtte på minimum 33 000 kroner.

Frå den innkomne klaga frå BIKS:

På flere av disse er argumentet om at BIKS får driftsstøtte fra Bergen Kommune brukt som individuell grunngiving for avslaget. Driftsstøtten vi mottar fra Bergen Kommune går i all hovedsak til daglig drift av huset, altså lønn til faste ansatte og driftning av huset. Alle prosjekter vi skal gjennomføre utenom ordinær drift finansieres av prosjekttiskudd og evt billettinntekter/kursavgifter etc. (...) Vi tilbyr en rekke faste aktiviteter og arrangementer, i tillegg til de arrangementene medlemsorganisasjonene selv har på huset. BIKS har hele Hordaland som målgruppe, og de aktivitetene og arrangementene vi tilbyr her er for dem som bor i distriktet så vel som i Bergen Kommune.

For at vi skal kunne ha det tilbudet vi har i dag, med et bredt spekter av aktiviteter både for barn, ungdom og voksne, er vi avhengige av å motta prosjektstøtte fra flere aktører enn Bergen Kommune. I tillegg til Hordaland Fylkeskommune søker også støtte fra blant annet Kulturrådet og BufDir, og vi søker om støtte fra andre private aktører. I tillegg til dette er vi også avhengig av støtte utover driftsstøtten når det er behov for oppgradering av utstyret og lokalene.

Det vart også stilt spørsmål frå BIKS om vi meinte at desse prosjekta ikkje var relevante i denne søknadsordninga, evt om dei kunne vere relevante i andre ordningar, og det vart bedd om eit møte for å sjå på dette vidare. Det vart gjennomført eit slikt møte 22.02, der ein såg på kva prosjekt som kan vere relevante til dei ulike søknadsordningane våre vidare.

Det vart også gjort merksam på at BIKS tidlegare år har fått ein del midlar via fylkeskommunen frå ordninga *Frivillig fleirkulturell verksemeld i lokalsamfunn* som tidlegare var forvalta av fylkeskommunane, men som frå 2016 vart overført til utvalde bykommunar – deriblant Bergen. Desse midlane kunne gå til reint lokale tiltak, mens t.d. denne ordninga *Større kulturprosjekt med regional verdi* skal ha eit perspektiv og verdi som går ut over det lokale.

Dei tre omsøkte tiltaka er av ein slik art at dei ligg i grenselandet for kva fylkeskommunen kan / bør gje tilskot til i dei ordningane som HFK no forvaltar. BIKS kan i alle fall ikkje vere avhengige av kulturmidlar frå fylkeskommunen til det fylkesrådmannen vurderer til å vere faste tiltak:

Det er mogeleg å løyve midlar til årvisse/jamne tiltak. Fylkesrådmannen ser det er likevel viktig at prosjektmidlar ikkje vert bundne opp til slike tiltak slik at aktørane ser støtta som driftstilskot. Søkjar vert gjort merksam på at dette er prosjekttiskot og at søknadene kvart år vert vurdert på nytt opp imot samla søkjarmasse. Då den økonomiske situasjonen er særdeles trøng ved denne tildelinga har fylkesrådmannen ikkje sett å kunne prioritere faste tiltak, slik som festivalar.(frå saksframlegg)

Fylkesrådmannen ser den generelle grunngjevinga som opplysande og riktig. Den individuelle grunngjevinga er – som det er opplyst om – ikkje ei fyldestgjerande grunngjeving i seg sjølv, og fortolkinga av denne separat gir ikkje grunnlag for avgjersle om klage vert innfridd eller ikkje. Fylkesrådmannen finn ikkje grunnlag for at søknaden har vore kommentert eller handsama feil under handsaminga i haust. Det vert difor tilrådd å oppretthalde det opprinnlege vedtaket.